

Korleis jobbe med og rapportere på bærekraft?

Status utvalde verksemder i Sogn og Fjordane



Innhald

Side 2-6

Om berekraft og
berekraftsmåla

Side 18-19

Gode råd - berekraftsmål
som kompass

Side 7-17

Korleis står det til hos oss? Svar frå 20 små
og store verksemder i Sogn og Fjordane



Det er mange ord som blir brukt når vi snakkar bærekraft. Alle handlar om å ta vare på folk, planeten og økonomien for framtida, og på ein måte som gir tillit og resultat.



Dei 17 berekraftsmåla - mål med meining



FNs agenda for ei berekraftig utvikling innan 2030 er eit av dei mest ambisiøse og viktige globale samarbeidsavtaler i nyare tid. Utfordringane er store og målsettinga er ikkje enkel. Det er ingen kvikk-fiks på problema.

Dei 17 berekraftsmåla, med 169 delmål, blei vedteke på FN si generalforsamling i 2015, med tilslutning frå alle medlemslanda. Dei omfattar alle land og berører alle delar av samfunnet.

Berekraftig utvikling innan 2030 går langs tre dimensjonar: klima/miljø, sosialt og økonomisk. Dei fungerer som kompass og rettesnor for rettferd, fred og vekst for både folk og planet - no og i framtida. Alle kan bidra.



Kvifor bry oss?

Alle land har ein eigeninteresse i å nå berekraftsmåla. Det er tydeleg for fleire og fleire at skal vi nå dei, må alle bidra.

Samfunnet er på veg mot full openheit om korleis vi driv våre selskap og verksemder. Forventningane om å ta berekraftsansvar aukar. Sjølv små selskap treng å vere opne om korleis dei påverkar klima- og miljø, samfunnet og økonomien.

- Lovene endrar seg og det kjem stadig nye krav knytt til berekraft.
- Tilgang til kapital, forsikring og partnerskap avheng av i kva grad vi kan tilpasse oss.
- Eksterne hendingar knytt til klimaendringar kan føre til feil, økonomiske og/eller menneskelege tap og omdømmetap.
- Tillit og tilgang til marknader kan bli svekka.

Verdien av transparent berekraftsarbeid

Interne fordelar

- Motiverte tilsette
- Oversikt styrker og svakheiter
- Klarare visjon og strategi
- Felles ramme for handling

Eksterne fordelar

- Omdømme og tillit
- Tiltrekke kapital
- Engasjere interessentar
- Styrke konkurransekraft




ER BEREKRAFT LØNSOMT ?

Det er forska mykje på korvidt berekraftige selskap er meir lønsame enn andre selskap. Eit stort fleirtal av studie viser god effekt. Nytenking og berekraft løner seg. (<https://forskning.no/bedriftsokonomi-baerekraft-innovasjon/bedrifter-kan-tjene-pa-baerekraftig-omlegging/1778469>)

Korleis står det til?

20 representantar for store og små verksemder i Sogn og Fjordane har delt erfaring og innsikt med oss. Det skjedde via eit digitalt spørjeskjema i perioden juni – august 2022. Målet var å vite meir om korleis verksemder jobbar med og rapporterer på berekraft, dele og drøfte det i lag med andre.

- Av dei 20 vi har svar frå er 4 store (over 100 tilsette), 3 er mellomstore (21-100 tilsette) og 13 er små (1-20).
- Dei fleste av dei som har svart er leiarar og eigarar i private bedrifter, men vi har også svar frå nokre store offentlege.



Svara – kort oppsummert

16 av 20

jobbar aktivt med
berekraft i dag

13 av 20

har gjort ei vurdering av
kva som er vesentleg å
jobbe med

13 av 20

måler resultat på dei tinga
som er mest vesentleg å
jobbe med og rapporterer

Det som gir mest
motivasjon er ønsket om å
jobbe strategisk med
berekraft og utvikle
forretningsmodellen. Også
omdømme, tillit og tilgang
til marknad, og det å sikre
vår felles framtid,
motiverer.

5 av 20

rapporterer for første
gong

7 av 20


har aldri rapport på
berekraft

8 av 19

har det å samle data
som si største
utfordring

Dei fleste opplever
berekraftsmål nr. 3, 8, 11,
12 og 13 som dei mest
relevante.

Jobbar di verksemd aktivt med berekraft i dag?




16 av 20 svarar ja på at deira verksemd jobbar aktivt med berekraft i dag. 4 svarar nei.




Kva er motivasjonen for å jobbe med berekraft, eller ønskje det i framtida (fleire val mogleg)

Det som gir mest motivasjon er ønsket om å jobbe strategisk med berekraft og utvikle forretningsmodellen. Også omdømme, tillit og tilgang til marknad, og det å sikre vår felles framtid, motiverer .




Har de gjort ei vurdering av kva som er vesentleg å jobbe med opp mot berekraft?



13 har gjort ein vesentlegheitsanalyse. 7 har ikkje.

Måler de resultat på dei tinga som er mest vesentleg å jobbe med?




Kva meiner du er dei mest relevante berekraftsmåla for di verksemd


(Flere val mogleg, men avgrensa til maks fem)

5


Fem på topp er berekraftsmål nr. 3, 8, 11, 12 og 13.



Kor mange gonger har de rapportert på berekraft?



Dei fleste av respondentane jobbar med berekraft, men har aldri rapportert på berekraftsansvar. Av dei som har rapportert, er det mange (6) som ikkje brukar eit spesifikt rammeverk. Av dei som brukar rammeverk, er det Miljøfyrtårn som er mest brukt.




Kva er dei største utfordringane i berekraftsrapportering?


1. Samle data (42,1 %)
2. For lite kunnskap blant tilsette (26,3 %)
3. Mangel på tid (26,3 %)
4. Dårlig datakvalitet (21,1 %)
5. Å forstå kva dei innsamla data betyr (15,8 %)

19 svar. Fleire val mogleg.


8 av 19 svarte at å samle data er utfordrande.



5 av 19 oppgir at for lite kunnskap blant tilsette er utfordrande.




Kommuniserer de bidrag til berekraftig utvikling på områda klima/miljø, sosiale forhold og selskapsstyring ope i dag? (20 svar. Fleire val mogleg)




Fem av respondentane kommuniserer ikkje berekraft i dag. Fem har planar om det. Av dei som svarar ja, er eiga nettside mest brukt.

Nokre kommuniserer truleg andre stader enn dei som er spurt om her, t.d. i eksterne digitale system og direkte til interessantar.

Ønsker de å jobbe meir med dette i verksemda?




Treng de hjelp av eksterne (konsulentar, frilansarar o.l.)?




Er det interessant å bli med i eit kunnskapsnettverk/samarbeidsforum på tvers av verksemder?

Dei fleste (12 av 20) kan tenkje seg å samarbeide med andre i andre verksemder i eit nettverk. Dette er noko vi vil følge opp.



Gode råd: 5 steg til berekraft



Berekraftsmåla utgjer eit godt kompass i berekraftsarbeidet. Her får du ein guide i fem steg for å få mest mogleg ut av det.

Berekraftskompasset er utarbeidd av GRI (Global Reporting Initiativ), UN Global Compact og World Business Council for Sustainable Development (WBCSD) i 2015 . Målet var å guide næringslivet i ein meir strategisk tilnærming til berekraftsmål og forsterke deira bidrag til berekraftig utvikling. Dei fem stega er:

- 1. Forstå berekraftsmåla - bli fortruleg med dei*
- 2. Definer prioriteringar - vurder korleis de påverkar - både positivt og negativt*
- 3. Sett mål - hjelper med å fremme felles prioriteringar*
- 4. Integrer berekraft i kjerneforretning og leiingsstruktur. Inngå partnerskap*
- 5. Rapport og kommuniser innsatsen til interessentar. Bruk berekraftsmåla.*

Dei fem stega bygger på at alle verksemder har eit ansvar for å overholde relevant lovgjeving, respektere internasjonale minimumsstandarder og adressere negativ innverknad på menneska.

Sjølv om kompasset er utvikla med tanke på multinasjonale verksemder, blir også små og mellomstore verksemder og andre organisasjonar oppfordra til å bruke kompasset som inspirasjon og eventuelt tilpasse etter behov.

Takk til alle som svarte! Erfaring og innsikt er best delt. Vi lovar å bidra i diskusjonen og det viktige arbeidet. Ta gjerne kontakt om du har spørsmål, synspunkt eller treng hjelp.



Anne Mette Hjelle

Eigar/rådgjevar Ymsir AS

hei@annemettehjelle.no

Tlf.nr. +47 99 28 43 02

Kontor: Peak Sunnfjord, Førde



Aud Ingrid Espeland

Partner, Vestind AS

aie@fjordinvest.no

Tlf.nr. +47 91 33 57 24

Kontor: Peak Sunnfjord, Førde